

# Årsrapport Nordfjord Folkemuseum 2018

## Personale og administrasjon

Anne Kristin Moe, avdelingsdirektør 100 % stilling  
Ann-Kristin Niiranen, førstesekretær/museumsvert 100 % stilling  
Ingrid Berger, konservator, 100 % stilling  
Eva Marie Felde, formidlingsleiar 100 % stilling  
Nils Åge Kvamme, driftsansvarleg, 100 % stilling  
Kent Arvid Flølo, handverkar 50 % stilling  
Steinar Ewebø, handverkar 50 % stilling  
Solvei Berger Roska, reinhaldar og museumsvert inntil 20 % stilling  
Lisa Selsvik er tilsett som ekstrahjelp

Nordfjord Folkemuseum er drifta av Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) som eiga avdeling. I samband med at eigarstyret til Nordfjord Folkemuseum vart lagt ned, vart samlingane overført frå Gloppen Sogelag til MiSF 1.september 2018.

Museumsfartøyet Holvikejekta er medlem i Norsk Forening for Fartøyvern. Anne Kristin Moe har vore med i kulturleiargruppa i Nordfjord, Ressursgruppe for Kulturminneplan i Gloppen og Kulturminneteam for Eid kommune. Ho sit også i styret for Norsk foreining for kulturforskning. Steinar Ewebø er tilsettere representant i styret til Musea i Sogn og Fjordane.

## Forvaltning

I 2018 har Nordfjord Folkemuseum tømt ein antikvarisk bygning på tre etasjar (Loft frå Heggdal) for lagra gjenstandar. Gjenstandane vart reingjorde og midlertidig plassert i administrasjonsbygget. Rommet der det tidlegare var fast utstilling har vore nytta til **studiemagasin** for desse gjenstandane. Veggfast interiør i dette rommet vart fjerna. Gjenstandane frå fast utstilling er revidert, fotografert, magasinert og i stor del publisert på [www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no).

I samband med demontering av nordfjordbåtutstilling vart desse gjenstandsgruppene **reviderte og fotograferte**. Det vart i 2018 kjøpt inn nytt kamera til gjenstandsfotografering. I samband med montering av tekstilarbeidutstilling vart revisjon av gjenstandsgruppa påbyrja. Det er innreia med nye hyller i mottaksrom og vi har gjort om gjestekontor til rekvisittrom for utstillingar.

Vi har byrja å Primusregistrere dei 44 **antikvariske bygningane**. Alle bygningane er fotograferte. Smia vart rydda og det vart sett inn glas, slik at publikum kan sjå inn. Arbeid med nytt tak vart påbyrja. Det er rydda, laga til og tilbakeført båtverkstad i friluftsmuseet (Nystove frå Ramnestad). Bu frå Bergset har fått ny steintrapp og renna til kvernhuset er reparert. Publikumssperrene i dei antikvariske husa har blitt «re-designa», kappa og målt svarte for å gje publikum betre innsyn. Nokre bygningar har også fått nye grindar.

Nordfjord Folkemuseum har ansvar for vedlikehald og drift av ein **eplehage** med gamle fruktsortar som er klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurscenter. I tillegg til vanleg vedlikehald av uteområdet har vi i 2018 rydda skog langs elva og grusa vegane i friluftsmuseet.

I samband med søknad om bevarings- og formidlingsbygg for **Holvikejekta**, har arkitekt Ola Sendstad teikna eit forprosjekt. Arkitekt, drift- og eigedomsjef i Musea i Sogn og Fjordane, Steven Johnsen og avdelingsdirektør ved NFM har også vore på studietur til Vikingskiphuset og Norsk Maritimt museum

i Oslo og diskutert klima- og oppstøttingsløysingar. Musea i Sogn og Fjordane arbeider med ny søknad om nasjonalt kulturbygg for Holvikejekta fram til 2019.

I 2018 har det elles vore jobba mykje med organisasjonsprosess og strategisk plan, arkivplan og samlingsforvaltningsplan. Nordfjord Folkemuseum har 50 **privatarkiv**, 21 lyd- og 40 filmberarar. I 2018 hadde vi 19 arkivbesøk. Av **inntak** er det i 2018 teke inn 63 einskild gjenstandar, hovudsakleg samansette drakter. Det er **avhenda** 351 objekt. Nordfjord Folkemuseum har totalt ca. 20 000 gjenstandar. Pr. 31.12.2018 er 13 827 av desse registrerte. 5400 gjenstandar er publiserte på [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no).

## Formidling

I 2018 har museet vore ope alle dagar i sommarsesongen (1.7-31.8) kl.10-17, resten av året kvardagar og søndagar kl.12-15. Publikumstalet i 2018 var 6335. Av desse var 1492 born og unge som deltok på pedagogiske opplegg.

## Utstillingar

I utstillingsbygget har Nordfjord Folkemuseum vist seks utstillingar i 2018:

Nordfjordbåt haust 2017 – 4. mars

Borddekking: 21. mars - 21.mai

Byggeskikk: 3. juni – 9. september

Tekstilarbeid: 23. september - vår 2019

Julehefter: 1.november – vinter 2019

Studiemagasin: sommar 2018 - sommar 2019

I tillegg er det interiørutstilling i 15 hus i friluftsmuseet i sommarsesongen. I 2018 viste vi også eit bildespel med prosjektor frå Nordfjord i eit av husa, Otnheimstova. Det vart rydda og laga til båtbyggerverkstad i underetasjen på nystove frå Ramnestad.

Den eigenproduserte utstillinga «Kystgeita» som sidan 2008 har blitt vist i Selje, blei hausten 2018 vist på Bogstad Gård (Oslo).

## Formidlingsopplegg

I 2018 har Nordfjord Folkemuseum hatt følgjande **pedagogiske opplegg** for skuleklassar:

Nordfjordbåt (båtutstilling)

Ein gensar før og no (tekstilarbeid-utstilling)

Kjeldegransking

Identitet i endring

Å byggje og bu i Nordfjord/byggeskikk

Båt i Gloppen

Holvikejekta

Bondesamfunnet

Frå handemakt til elektrisitet

Jul

DKS – Tidskapsel

Også i år har Musea i Sogn og Fjordane hatt DKS-tilbod for alle elevar i 9.klasse. Tilbodet «Tidskapsel» gjeld heile fylket, vi hadde besøk av elevar frå ungdomsskulane i Hyen, Olden, Gloppen, Hornindal, Eid og Stryn, og frå Kjølisdalen Montesorriskule samt Hauge og Davik oppvekst. Totalt 324 elevar og 34 lærarar. Målsettinga er å gje elevane ei generell innføring i museumsarbeid og kulturarv, i tillegg til at dei blir kjende med den museumsavdelinga dei besøker. Nordfjord Folkemuseum har i år lagt

spesiell vekt på ressursutnytting før og no. Elevane fekk omvising i nokre av husa der vi snakkar spesielt om dette. Dei fekk også bake potetkaker på grua, presse eplesaft av museet si eiga epleavling, kinne smør og kverne korn på handkvern.

## Arrangement og foredrag

Tilsette ved NFM har halde føredrag for Eid Sogelag, på Fagdag for bunad og folkedrakt i Fagernes, Fagdag for bunad og folkedrakt i Bodø, Frivillegsentralen på Eid og presentasjon av Holvikejektaprosjektet for Møteplass for kulturlivet i Gloppen og for kommunestyret i Gloppen. Vi har halde foredrag på eigne arrangement om å kaste ut jula, nordfjordbåt, jekt, tekstilarbeid og julehefter, samt hatt museumsfaglege opplegg for Frivillegsentralen, pensjonistlag og tidlegare elevar ved Firda Gymnas. Avdelinga har også hatt arrangement i samarbeid med Roseklubben og Gloppen hotell.

Vi har hatt følgjande opne arrangement:

- 14. januar: Vi kastar ut jula
- 4. februar: Nordfjordbåt miniseminar
- 7. februar: Konsert / Vinterfest
- 21. mars: Utstillingsopning Bord dekk deg
- 22. april: Jektedag
- 13. mai: Inspirasjonsdag borddekking
- 3. juni: Utstillingsopning byggeskikk
- 11. juli Familiedag
- 12. juli: Konsert / Norsk Countrytreff
- 12. august: Støylsdag
- 5. september: Gloppen musikkfest vandrekonsert
- 23. september: Utstillingsopning tekstilarbeid
- 7. oktober: Verdsdag for psykisk helse
- 27. oktober: Båttag i samaband med tradisjonsbåtprosjekt
- 28. oktober: Skummelt museum
- 9. november: Kulturnatt – lansering Jul i Nordfjord og opning av julehefteutstilling
- 2. desember: Julemarknad

## Presse

I 2018 hadde Nordfjord Folkemuseum 52 presseoppslag. Desse var kulturhistoriske saker (12 stk), generelt om avdelinga (9), utstillingar (10), formidlingsopplegg (3) og arrangement (18).

I januar og desember var avdelingsdirektør på NRK radio i fem program om juletradisjonar.

## Forskings- og utviklingsarbeid

### Publikasjonar

Nordfjord Folkemuseum har i 2018 vore med på fleire publikasjonar. Nordfjord Folkemuseum det redaksjonelle ansvaret for *Jul i Nordfjord*. Tilsette ved avdelinga har skriva følgjande artiklar:

- «Ny innsats for nordfjordbåten» Kysten 1 2018 (Eva Marie Felde)
- «Trekunstnaren i Hornindal» Jul i Nordfjord 2018 (Eva Marie Felde)
- «Sette Selje på verdskartet» Jul i Nordfjord 2018 (Eva Marie Felde)
- «Bygging av Nordfjordbåt» Jul i Nordfjord 2018 (Ingrid Berger)
- «Gamle samlingar i nytt lys». Sogeskift for Eid (Anne Kristin Moe)
- «Byggeskikk» Jul i Nordfjord 2018 (Anne Kristin Moe)
- «Julehefte» Jul i Nordfjord 2018 (Anne Kristin Moe)

## Kurs, seminar og konferansar

Tilsette ved avdelinga har delteke på Landsmøte i Museumsforbundet (Mosjøen), Kulturkonferanse (Førde), Landskonferanse for Foreining for fartøyvern (Gardermoen), Fagdagar for bunad og folkedrakt (Fagernes), Garborgseminar (Oslo), Museumsforbundets seksjon for immateriell kulturarv (Fagernes), kurs i vitskapeleg skriving (Trondheim), Webkurs i regi Visit Nordfjord (Stryn), hospitering hjå Sunnmøre Museum (Søre Sunnmøre), kurs i plantefarging (Sandane), Fagdagar for bunad og folkedrakt (Bodø), Konferanse Den grønne tråden (Sandane) og møte for reiselivet i Gloppen (Sandane).

## Immateriell kulturarv

I 2018 fekk Nordfjord Folkemuseum tilsegn om støtte til eit prosjekt frå Sparebankstiftelsen DNB gjennom Forbundet Kysten si satsing «Tradisjonsbåt bygging og bruk». Prosjektet går ut på at ein lærande, Andreas Mardal (f.1984), byggjer nordfjordbåt med båtbyggjar Kristen Arnestad (f.1939).

I Gloppen har det vore bygd tradisjonsbåtar av same type sidan vikingtida. På 1700-talet var Gimmestad sokn eit kjerneområde for båtbygging, der gardbrukarar bygde både båtar, jekter og skuter som attåtnæring. Hundre år seinare vart det bygd nordfjordbåtar nærast på kvar gard på Sørstranda av Gloppefjorden. I dag er det berre to personar som byggjer nordfjordbåt i distriktet.

Prosjektet bestiller båtar der byggjeprosessen blir definert som læringsarena over to år. Den lærande og tradisjonsberaren byggjer båtar i lag, den lærande får bygd ein båtverkstad for vidare utføring og formidling, og båtane blir ført attende til lokalmiljøet gjennom det lokale Nordfjordbåtlaget. Nordfjord Folkemuseum vil i perioden administrere prosjektet og utvikle formidlingsopplegg.